



Saksframlegg

Nullvisjon for Vest Telemark - høringsuttale

| Utval | Utvallssak | Møtedato |
|---|------------|------------|
| Ungdomsrådet | 8/22 | 08.06.2022 |
| Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg | 19/22 | 09.06.2022 |
| Formannskapet | 28/22 | 14.06.2022 |
| Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne | 7/22 | 14.06.2022 |
| Kommunestyret | 50/22 | 16.06.2022 |

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Vedlegg:

1 NULLVISJONSPLAN HØYRING

Bakgrunn for saka:

I februar 2021 vedtok Vest-Telemarkrådet at ein «startar opp arbeidet med å lage ein plan med visjonen "Null skadde og drepne ved motorisert ferdsel i Vest-Telemark»

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå Vest-Telemarkrådet, kommunane og politiet har arbeidd fram nullvisjonsplanen. Frå Fyresdal er det prosjektleiar kulturkonsulent Hilde Martini Momrak som har delteke i arbeidsgruppa.

Planen har framlegg til tre tiltak:

- FELLESTILTAK 1: BRUKE OG UTVIKLE HALDNINGSKAMPANJAR RETTA MOT UNGDOM OG UNGE VAKSNE
- FELLESTILTAK 2: REGIONAL SKYSSORDNING PÅ KVELD OG HELG - "TRYGT HEIM"
- FELLESTILTAK 3: INNFØRE ORDNINGA "NULLVISJON VEST-TELEMARK", ETTER MODELL FRÅ AGDER

Planen er no lagt ut til høyring, med høringsfrist 31.08.22.

Vurdering:

Fellestiltak nr. 1:

Samarbeid mellom SLT-koordinatorane i fylket for å vurdere kampanjar som finst og bidra til å utvikle nye målretta kampanjar mot unge i fylket.

Tiltaket er bra og at det gjerast i samarbeid med dei lokale SLT-kontaktane, gjer at ein får lokal forankring og gjennomføringa i kommunane blir lettare. Ikkje minst blir kampanjane målretta mot der ein kjenner «skoen trykker» i kommunane.

Fellestiltak nr. 2:

Fyresdal har ordninga «heim for ein 50-lapp», noko som blir meir og meir bruka men det gjeld bare transport innan eigen kommune.

Tokke og Vinje har også ordninga «heim for ein 50-lapp», men det skil noko på målgruppa og tidspunkt for når den gjeld.

Nullvisjonsplanen i Vest-Telemark legg opp til ei ordning med «trygt heim» på tvers av kommunane i regionen. Her kan ein tenkje ein kombinasjon av transport over kommunegrenser og kommunevise ordningar («trygt heim for ein 50-lapp»). Ein ser føre seg eit samarbeid med Fylkeskommunen og moglege flexiruter. Ungdom har relasjonar og kontaktar på tvers av kommunegrenser og effekten av tiltak for transport innan eigen kommune er ikkje eit fullgodt tilbod. Det må utarbeidast felles retningslinjer for denne ordninga når den skal gjelde heile regionen.

Fellestiltak nr. 3:

Opprette ei regional stilling som skal arbeide i prosjektet «nullvisjon i Vest-Telemark». Det blir samanlikna med Agder som har slike stillingar. Tiltaket er svært positivt, likevel må ein stille seg spørsmålet: Om hovudfokuset skal vere endring av haldningane med mål om å nå målsetjinga «null drepne og skadde ved bruk av motoriserte køyretøy i Vest-Telemark», må nok mykje av arbeidet skje lokalt i kommunen. Det vil då vere spørsmål om den interkommunale stillinga i stor grad blir nytta som ei rettleiingsstilling og ikkje direkte ut mot målgruppa. Kostnadane med ei slik stilling vil måtte dekkast av kommunane og vil då gå på bekostning av lokale tiltak. Ein kan tenke seg at ansvaret blir lagt saman med rolla som SLT ansvarlege i kommunane som allereie har eit tett samarbeid.

I Fyresdal har vi også organisasjonen – Tak vare på kvarandre – som gjer eit flott arbeid og har mange tiltak med same mål som denne planen.

Konklusjon:

Nullvisjon Vest Telemark har føreslege tre fellestiltak:

Haldningskampanjer, fellesordning for Vest Telemark – «heim for ein 50-lapp» og oppretting av regional stilling for vidare arbeid. Det er ikkje sagt noko om finansiering av desse tiltak i planen som nå ligg ute. Når det gjeld oppretting av stilling vil denne mest sannsynleg måtte finansierast av kommunane ved eit spleiselag. Eigenandelen for Fyresdal vil då måtte dekkast inn ved reduksjon av andre tiltak.

«Heim for ein 50-lapp» har vi allereie innarbeid i budsjettet for 2022. Moglege den må aukast noko ved ei slik type utviding. Det må utarbeidast felles retningslinjer for ordninga i regionen i tillegg til den lokale ordninga vi har frå før.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune stør fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune stør fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune stør ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

Behandling i Ungdomsrådet - 08.06.2022

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Ungdomsrådet - 08.06.2022

Fyresdal kommune stør fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune støt fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune støt ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

Behandling i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 09.06.2022

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå kommunedirektøren.

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 09.06.2022

Fyresdal kommune støt fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune støt fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune støt ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

Behandling i Formannskapet - 14.06.2022

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Formannskapet - 14.06.2022

Fyresdal kommune støt fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune støt fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune støt ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

Behandling i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 14.06.2022

Samrøystes i samsvar med vedtaket i hovudutvalet oppvekst, kultur og omsorg.

Vedtak i Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 14.06.2022

Fyresdal kommune støt fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune støt fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune støt ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

Behandling i Kommunestyret - 16.06.2022

Samrøystes i samsvar med vedtaket i formannskapet.

Vedtak i Kommunestyret - 16.06.2022

Fyresdal kommune støt fellestiltak 1 slik det ligg føre i planen.

Fyresdal kommune støt fellestiltak 2 under forutsetning av at det blir utarbeid felles retningslinjer for ordninga i regionen.

Fyresdal kommune støt ikkje fellestiltak 3 grunna manglande finansiering av ei slik stilling.

| | |
|------------------------|------------------|
| Kjersti Bergland | |
| konst. kommunedirektør | Kjersti Bergland |

